



Takst & Byggmester Eriksen As
Røtingavegen 144
5216 Lepsøy

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
26/76587	26/4958	Ann Helen Bjelle 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		11.08.2026

Godkjent løyve til tiltak og dispensasjonsløyve -36/122, Lepsøyvegen 72 - To tilbygg til bustad

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 36/122
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.: 720/2026

Vedtak

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå LNRF-området og bandlegging for regulering etter PBL slik det går fram av søknaden.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 19-2.

Bjørnafjorden kommune gir løyve i eitt-trinn for på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 28.01.2026, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.
3. Det skal ikkje utførast boring, etablerast energibrønn, vassbrønn eller andre brønnar eller gjennomførast andre tiltak som medfører boring eller inngrep i grunnen på eigedomen, utan at dette på førehand er avklart med og godkjent av Statens vegvesen.
4. Vilkåret gjeld av omsyn til bandleggingssona for framtidig E39 Ådland–Svegatjørn (Hordfast), og skal sikre at tiltak på eigedomen ikkje kan kome i konflikt med framtidig vegtiltak eller planlagd infrastruktur.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1, jf. § 20-3.

Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Generelle vilkår:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, og ein må ha fysisk sett i gang tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg igangsett før dette, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld òg dispensasjonsløyvet.

Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område i 2025 jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak

Tiltaket omfattar etablering av markterrasse, eit mindre tilbygg på om lag 12 m² ved baksida av bustaden for utviding av entré/vindfang, samt riving av eksisterande carport/bod og oppføring av vinterhage/bod med ei auke i eigedomen sitt BYA på om lag 18 m². Det skal i tillegg gjerast mindre endringar i planløysinga i bustaden og rehabilitering av eksisterande vaskerom/våtrom.

Det blir elles vist til søknad motteke 12.05.2026.

1.2 Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNRF-området.

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 28.01.2026.



Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon

1.5. Vatn og avløp (VA)

Ingen endring.

1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Ingen endring

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.9. Uttale frå anna mynde

Søknad om tiltak/dispensasjon er sendt på uttale til Statsforvaltaren i Vestland og Statens vegvesen.

Det er mottatt uttale frå Statsforvaren i Vestland datert 04.08.2026.

«Statsforvaltaren sin vurdering:

Kommunen kan som kjent ikkje gje dispensasjon frå omsyna bak føremåla området er sett av til i gjeldande KPA eller omsyna i føremålsparagrafen § 1-1, dersom desse vert sett vesentleg til side, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Dersom vilkåra etter pbl. § 19-2 andre ledd er oppfylt, så må kommunen også gjera ei separat vurdering av om dispensasjon skal tildelast for tiltaket, jf. pbl. § 19 2 første ledd.

Dispensasjon gjeld oppføring av to tilbygg til eksisterande bustad på ovanfor nemnde eigedom. Tiltaket omfattar eit tilbygg til entre på ca. 12 m2 og ein vinterhage på ca. 18 m2 som erstattar ein eksisterande carport/bod. Eigedom ligg i eit område som i gjeldande kommuneplan er sett av til LNFR-område (landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift). Eigedom grensar også til ei 20 meter brei buffersone mot landbruksareal. I kommunedelplanen er arealet vist som noverande spreidd busetnad og ligg innanfor bandleggingssone H710_F for framtidig vegutbygging.

Sidan kommuneplanen er nyare enn kommunedelplanen, går føresegnene i kommuneplanen føre ved motstrid, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 1-5 andre ledd. Dette inneber at arealbruksføremålet LNFR er det styrande for vurderinga av tiltaket.

Kommunen må vurdere om omsynet bak føremålet vert sett vesentleg til side ved å tillate ei utviding av bebygd areal (BYA) innanfor eit område som ikkje er avsett til utbyggingsformål. I eit LNFR- område skal landbruks-, natur- og friluftinteresser som hovudregel prioriterast. Sjølv om tiltakshavar viser til at arealet allereie er planert, privatisert som hage og ligg høgare enn nyttbart landbruksareal, må kommunen gjere ei sjølvstendig vurdering av om tiltaket kan medføre uheldig bit-for-bit-utbygging eller påverke buffersona mot landbruket på



ein negativ måte. For at dispensasjon skal kunne gjevast, må kommunen konkludere med at fordelane ved å gjedispensasjon er klart større enn ulempene, jf. pbl. kapittel 19.»

Statens vegvesen har fått saka på høyring. Det er ikkje motteke uttale frå Statens vegvesen.

Byggesaksavdelinga finn det etter ei samla vurdering høveleg å gjere vedtak i saka på følgjande vilkår:

Det skal ikkje utførast boring eller etablerast energibrønn, vassbrønn eller andre brønner på eigedomen, eller gjennomførast andre tiltak som medfører inngrep i grunnen, utan at dette på førehand er avklart med og godkjent av Statens vegvesen.

Vilkåret er sett av omsyn til bandleggingssona for framtidig E39 Ådland–Svegatjørn (Hordfast), og skal sikre at tiltak på eigedomen ikkje kjem i konflikt med framtidig vegtiltak eller planlagd infrastruktur.

Saka har og vore på intern høyring hos landbruksavdelinga. Følgjande landbruksfagleg uttale vart gjeve:

«Vår vurdering er at det i saker som gjeld eksisterande bustader med etablerte hagar, ikkje er same behov for å oppretthalde ei buffersone på 20 meter som ved etablering av nye, ubebygde bustadtomter.

I eit etablert bustadområde er både busetnad, uteopphaldsareal og den tilhøyrande aktiviteten allereie på plass. Dei potensielle interessekonfliktane som buffersona skal bidra til å redusere, til dømes knytt til støy, lukt, støv og ordinær landbruksdrift, er difor i hovudsak allereie etablerte. Det omsøkte tiltaket vil etter vår vurdering ikkje føre til nye eller vesentleg større konfliktar mellom bustad og landbruk.

Bustadeigedomen ligg inn mot fulldyrka jord og er areal som er underlagt driveplikt. Terrengtilhøva talar òg for at det kan gjerast avvik frå den generelle buffersona. Bustadeigedomane ligg høgare i terrenget enn jordbruksarealet, noko som etter vår vurdering reduserer risikoen for framtidige driftsmessige ulemper for landbruket, vi har sjekka både anna 3D-kartet i kommunekartet og sett på skråbilete frå eigedomen.

Byggesak må vurdere om det er aktuelt med vilkår om etablering av levegg eller vegetasjonsbelte som eit avbøtande tiltak for å redusere eventuelle ulemper mellom bustadeigedomen og landbruksarealet.

Tiltaket skjer innanfor ei etablert bustadtomt og inneber ikkje ei utviding av bustadområdet inn i landbruksarealet. Etter vår vurdering er dette difor ikkje ei form for bit-for-bit-utbygging som vil svekkje landbruksinteressene.

Samstundes vil vi peike på at området er eit viktig landbruksområde. Det ligg innanfor kjerneområde for landbruk, noko som også er vidareført i den reviderte kartlegginga av kjerneområde landbruk. Dette tilseier at det framleis skal utvisast varsemd ved vurdering av tiltak i området. Samstundes er det allereie fleire etablerte bustader her og vurderinga av behovet for buffersone må difor gjerast konkret i den enkelte saka.»

2. Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNRF-området i KDPA og frå båndleggingssona E39.



2.1. Grunngeving:

«Det er søkt om tilbygg til eksisterande einebustad på Lepsøyvegen 72, gnr. 36, bnr. 122. Bustaden er oppført i 1995 og har eit eksisterande BRA på 371 m². Tiltaket omfattar eit mindre tilbygg på om lag 12 m² ved inngangspartiet på nordsida av bustaden, samt riving av eksisterande carport/bod og oppføring av ein vinterhage/bod på om lag 18 m². Det er også planlagt mindre endringar i planløyisinga. Markterrasse er opplyst å vere over planert terreng og dermed ikkje søknadspliktig.

Det vert søkt om dispensasjon frå gjeldande KDPA § 10.17, LNRF-føremålet, bandleggingssona H710_F knytt til framtidig regulering av E39 Stord–Os (planID 20200700), samt 20 meters buffersone mot landbruk.

Tilbygga skal plasserast på areal som allereie er planert og opparbeidd. Det skal etter det opplyste ikkje gjennomførast nye terrenginngrep, boring eller ytterlegare planeringsarbeid. Søkjar meiner tiltaket ikkje vil påverke trafikkssikkerheita, siktforholda eller andre omsyn knytt til fylkesvegen, og at tiltaket heller ikkje vil få negative konsekvensar for den pågåande reguleringsplanen for E39/Hordfast.

Vidare meiner søkjar at tiltaket ikkje vil påverke landbruksdrifta eller redusere landbruksinteressene, då eigedomen allereie er opparbeidd og privatisert som bustadeigedom. Tiltaket vil berre føre til ei mindre endring i avstanden mot landbruksarealet, og søkjar viser til at arealet på naboeigedomen er skråande og tett vegetert. Det vert også vist til at eigedomen i sin heilskap er registrert som bebygd areal i Gardskart.

Samla sett meiner søkjar at tiltaket er av mindre omfang og at dispensasjon ikkje vil setje omsyna bak LNRF-føremålet, bandleggingssona eller landbruksbufferen vesentleg til side. Søkjar meiner vidare at tiltaket ikkje vil skape uheldig presedens, då det gjeld ei mindre utviding av ein eksisterande bustad på eit allereie opparbeidd areal.»

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (198485) s 102.

2.3. Vurdering:

Omsyna bak landbruk, natur og friluftsføremålet (LNF) er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ønskeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur, samt unngå konflikt om arealbruken ved motstridande interesse i same område.

Det er søkt om dispensasjon frå gjeldande arealføremål LNRF, frå 20 meter buffersone mot landbruksareal og frå bandleggingssona H710_F knytt til framtidig regulering av E39 Stord–



Os. Då buffersona er meint å vere ein buffer mot landbruksområda som blir ivareteke av LNF, vurderast det at dette inngår som ein del av vurderinga av dispensasjon frå LNF-formålet.

Etter plan- og bygningslova § 19-2 kan kommunen ikkje gi dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sitt formålsføresegn, vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Når det gjeld dispensasjonen frå LNRF-føremålet, ligg eigedomen i eit område som har mykje dyrka mark som det er driveplikt på. Dette kan tale for at vidare utbygging kan skape konflikt om arealbruken, og vesentleg tilsidesette omsyna bak arealformålet.

Det omsøkte tiltaket gjeld ei mindre utviding av ein eksisterande einestad og omfattar eit tilbygg til entré på om lag 12 m² og ein vinterhage/bod på om lag 18 m² som erstattar eksisterande carport/bod. Tiltaka skal plasserast innanfor den eksisterande bustadeigedomen, på areal som allereie er planert og opparbeidd. Tiltaket inneber etter det opplyste ikkje nye terrenginngrep eller at nytt landbruksareal vert teke i bruk til bustadføremål. Dette talar for at ein ikkje «vesentleg» tilsidesett omsyna bak arealformålet.

Landbruksavdelinga har vurdert tiltaket og peikar på at dette er ei etablert bustadeigedom med opparbeidd hage og uteareal. Etter landbruksavdelinga si vurdering vil tiltaket ikkje føre til ei utviding av bustadområdet inn i landbruksarealet, og tiltaket vert difor ikkje vurdert som bit-for-bit-utbygging som vil svekke landbruksinteressene. Det er vidare lagt vekt på at bustadeigedomen ligg høgare i terrenget enn det fulldyrka jordbruksarealet, noko som reduserer risikoen for framtidige driftsmessige ulemper for landbruket.

Kommunen legg stor vekt på at tiltaket skjer innanfor ei allereie etablert bustadtomt og ikkje medfører omdisponering av nytt areal til bustadføremål. Sjølv om eigedomen ligg i eit område som er viktig for landbruket, meiner kommunen etter ei konkret vurdering at tiltaket ikkje vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak LNRF-føremålet.

Når det gjeld bandleggingssona H710_F knytt til framtidig regulering av E39 Stord–Os, ligg den konkrete vurderinga av omsyna knytt til framtidig vegutbygging og verknadene tiltaket kan ha for vegprosjektet, til Statens vegvesen som relevant sektormyndigheit. Kommunen vil difor ikkje gjere ei sjølvstendig realitetsvurdering av vegfaglege omsyn i denne dispensasjonsvurderinga. Kommunen legg til grunn at Statens vegvesen må ta stilling til om tiltaket kan akseptrast innanfor bandleggingssona, og om tiltaket kan få konsekvensar for framtidig E39.

Samla sett vurderer kommunen at tiltaket er av avgrensa omfang og at det i hovudsak skjer innanfor ei allereie etablert og opparbeidd bustadtomt. For dispensasjonen frå LNRF-føremålet finn kommunen at omsyna bak føresegnene ikkje vert vesentleg tilsidesette. Det er vidare lagt vekt på landbruksavdelinga si konkrete faglege vurdering av at tiltaket ikkje vil føre til nye eller vesentleg større konflikstar med landbruksdrifta eller svekke landbruksinteressene.

Når det gjeld dispensasjon frå bandleggingssona H710_F for framtidig E39 Stord–Os, må denne delen av saka vurderast på grunnlag av uttale og vurdering frå Statens vegvesen. Kommunen vil leggje den sektorfaglege vurderinga frå Statens vegvesen til grunn ved den vidare handsaminga av denne delen av dispensasjonssaka.

Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Vurdering av fordelar og ulemper

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gi dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

Fordelane ved å gi dispensasjon er først og fremst knytte til at tiltakshavar får høve til å utvide og tilpasse ein eksisterande bustad utan at det vert teke i bruk nytt areal utanfor den etablerte bustadeigedomen. Tiltaket legg opp til ei mindre utviding av bustaden og skjer på areal som allereie er planert, opparbeidd og nytta som del av bustadeigedomen. Dispensasjonen gjer det dermed mogleg å få ei meir funksjonell og tidsmessig bustadløyising utan å etablere ei ny bustadtomt eller utvide bustadområdet inn i landbruksarealet.

Ulempene ved å gi dispensasjon er i hovudsak knytte til at tiltaket inneber eit avvik frå det generelle omsynet bak LNR-føremålet. Eigedomen ligg i eit område som er viktig for landbruket og innanfor kjerneområde for landbruk. Det er derfor eit overordna omsyn å unngå gradvis nedbygging og bit-for-bit-utbygging av landbruksareal. Bygging i LNF-område kan også auke konfliktpotensialet mellom landbruk og bustad.

I denne konkrete saka er ulempene likevel avgrensa. Tiltaket skjer innanfor ei eksisterande og etablert bustadtomt og medfører ikkje omdisponering av fulldyrka jord eller anna landbruksareal. Landbruksavdelinga har vurdert tiltaket konkret og meiner at det ikkje vil føre til nye eller vesentleg større konflikhtar mellom bustadeigedomen og landbruksdrifta. Det er særleg lagt vekt på at bustadeigedomen ligg høgare i terrenget enn jordbruksarealet, noko som reduserer risikoen for framtidige driftsmessige ulemper for landbruket. Landbruksavdelinga vurderer vidare at tiltaket ikkje inneber ei utviding av bustadområdet inn i landbruksarealet og dermed ikkje representerer ei uheldig bit-for-bit-utbygging.

Kommunen har også lagt vekt på at det er tale om ei avgrensa utviding av ein eksisterande bustad, og ikkje etablering av ny bustad eller ny bustadtomt. Sjølv om området har viktige landbruksinteresser, er dei konkrete ulempene for landbruksdrifta vurderte som små.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at fordelane ved å gi dispensasjon i denne saka er klart større enn ulempene. Det er særleg lagt vekt på at tiltaket skjer innanfor ei allereie etablert bustadtomt, at nytt landbruksareal ikkje vert teke i bruk, og at landbruksavdelinga vurderer at tiltaket ikkje vil føre til nye eller vesentleg større konflikhtar med landbruksdrifta.

Vilkåret om at fordelane ved å gi dispensasjon må vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd, er etter kommunen si vurdering oppfylt.

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gi dispensasjon.

«Kan»-vurdering

Etter ei samla vurdering finn kommunen at dei materielle vilkåra for å gi dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte. Det inneber likevel ikkje at dispensasjon skal givast, jf. kommunen sitt frie forvaltningsskjønn etter føresegna.

Kommunen har i si vurdering lagt vekt på praksis i Bjørnafjorden kommune, der det som utgangspunkt vert gitt dispensasjon når dei rettslege vilkåra er oppfylte, med mindre det ligg føre avgjerande omsyn som talar mot dispensasjon.



I denne saka finn kommunen ikkje at det ligg føre slike avgjerande omsyn. Det er særleg lagt vekt på at tiltaket gjeld ei avgrensa utviding av ein eksisterande bustad, at tiltaket skjer innanfor ei allereie etablert og opparbeidd bustadtomt, og at landbruksavdelinga vurderer at tiltaket ikkje vil føre til nye eller vesentleg større konflikhtar med landbruksdrifta. Tiltaket vil heller ikkje innebære at nytt landbruksareal vert teke i bruk.

På dette grunnlaget nyttar kommunen «kan»-skjønnnet til å gi dispensasjon frå LNRF-føremålet og 20 meter buffersone mot landbruk, med dei vilkåra som går fram av vedtaket.

3. Andre vurderingar

3.1. Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

3.2. Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

3.3. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormynd. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Kunnskapsgrunnlaget er funnet å vere tilstrekkeleg, jf. § 8.

4. Andre opplysningar

4.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

4.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynd, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing



Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Ann Helen Bjelle
Konsulent - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

36/122, Lepsøyvegen 72 - Søknad om to tilbygg til bustad
Ytre rammer for tiltaket
Situasjonsplan
Fasade
Fasade og snitt
Plan loft og underetasje
Plan hovudetasje
Kvittering innsendt disp til vegvesen
Gjennomføringsplan

Kopi til:

Karen Lekven	Lepsøyvegen 72	5217	Hagavik
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	Lillehammer
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER